

ALVER KOMMUNE
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Vår dato: 17.01.2020
Vår ref.: 201502141-8
Arkiv: 323
Dykkar dato: 26.11.2019
Dykkar ref.: 19/1175

Sakshandsamar:
Toralf Otnes
22959527/toot@nve.no

NVE si fråsegn til offentlig ettersyn av områdereguleringsplan for Midtmarka og Rotemyra - Alver kommune

Vi syner til brev datert 26.11.2019. Saka gjeld offentlig ettersyn av områdereguleringsplan for Midtmarka og Rotemyra. Føremålet med planframlegget er å utvikle ein bystruktur på Flatøy som kan binde saman kommunesentera Frekhaug og Knarvik til ein regional småby for heile Nordhordaland.

Høgspantlina Meland – Seim er ein del av regionalnettet. I innspelet vårt til planarbeidet skreiv vi at slike regionalnettanlegg som treng konsesjon etter energilova er unnateke frå PBL, og at slike større høgspantliner og transformatorstasjonar skal settast av som omsynssone PBL § 11-8 d i plankartet. I plankartet er den aktuelle høgspantlina no sett av som omsynssone PBL § 11-8 a, noko som er feil. Omsynssone PBL § 11-8 d Bandlagde område skal ha svart ruteskravering (vertikal/horisontal).

Som nemnd over så er høgspantlina Meland – Seim unnateke PBL. Det betyr at områdereguleringsplanen ikkje kan nyttast til å styre arealbruken under/langs lina. Det kan til dømes ikkje opnast for utbygging der lina går, og/eller settast krav i planen om at lina skal flyttast. Vi er difor nøgde med at føresegnene (jf. § 5.3.1) til planen forbyr byggetiltak og terrengendringar i omsynssona.

Når vi ser på planen elles så tek den likevel ikkje omsyn til at lina går gjennom planområdet. Det er lagt ut byggeområde der lina går gjennom og deler dei opp. Til dømes kan ein ikkje tenke seg utbygging i BS1 dersom lina vert ståande. Vi kan ikkje sjå at lina er nemnd i planskildringa som premissleverandør for detaljutforming av dei byggeområda den kryssar. Gjennomføring av planen avheng difor av at lina vert flytta. Dersom den skal det så må netteigar søke om konsesjon, og NVE må handsame søknaden etter energilova. Planen kan ikkje pålegge netteigar å søke om, og gjennomføre slik flytting. Den kan heller ikkje styre NVE si handsaming av ein eventuell søknad. Vi meiner difor at føresegna i § 2.4.2 må takast ut.

Dersom planen kviler på at lina vert flytta, så bør de i staden utarbeide ei rekkefølgeføresegn der det står at nærare definerte byggeområde ikkje kan byggast ut før lina er flytta/teken bort. Ei eventuell flytting må de så få til gjennom frivillig dialog med netteigar, og ikkje styrt gjennom planen.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Med helsing

Siss-May Edvardsen
fung. regionsjef

Toralf Otnes
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Kopi til:

FYLKESMANNEN I VESTLAND